



## Notat

Dato: 27.06.2014  
Arkivsak: 2014/11292-7  
Saksbehandlar: lisadla

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om tiltak langs Garnesvegen Fv 276

I møte i samferdselsutvalet 4. juni 2014 sette representanten **Atle Kvåle** (A) fram fylgjande spørsmål:

*Ved dei to siste rulleringane av Trafikksikringsplanen i Bergen kommune har Garnesvegen blitt utelatt med grunngjeving av at Statens vegvesen ynskjer å sjå på heilskapen rundt denne vegen. Dette er ikkje blitt fylgt opp. FAU ved Garnes barne - og ungdomsskule uttrykkjer frustrasjon rundt dette. FAU har ved fleire høve vist til farlege punkt på denne strekninga. Når kan ein forventa at denne saka bli sett på dagsorden og når kan ein forventa at noko skjer her?*

Statens vegvesen har over tid arbeidd med eit større forprosjekt for denne vegstrekninga. Dette arbeidet er venta ferdigstilt hausten 2014. Fylkesrådmannen har henta inn følgjande informasjon frå Statens vegvesen om dette prosjektet:

*Statens vegvesen har starta opp arbeidet med forprosjekt for nytt gang- og sykkelanlegg langs Fv. 276 på strekninga mellom kryss Indre Arnavegen/Garnesvegen og fram til kryss mellom Teigneset/Tunesvegen. Prosjektet har og med seg vurderingar knytt til funksjonen den har som omkjøringsveg for E16 Arnanipatunnelen.*

*I prosjektet vert det sett på moglegheitene for å utvide og etablere tilbod for gåande og syklende langs eksisterande veg, men det er og vurdert om tilbodet for mjuke trafikantar kan bruke ein alternativ trasé på austsida eller vestsida av eksisterande veg. Det er ikkje teke stilling til kva for sykkelløysing som skal etablerast på strekninga, og både sykkelfelt og sykkelveg med fortau er med vidare i vurdering. I tillegg til sykkeltilbod skal det planleggast eit trafikksikkert tilbod for gåande, og gode forhold for kollektivtrafikken som går på strekninga.*

*Forprosjektet er venta ferdig i løpet av hausten 2014, og det vil parallelt verte varsla formell planoppstart. Det er på det noverande tidspunkt vanskelig å anslå eksakt framdrift for reguleringsplanarbeidet. Normal planprosess vil vere 2 år, men på grunn av arealknapphet og at det er mange eigedomar som inngår i dette, må ein vente seg ein noko lengre planprosess. Dette avhenger sjølvst av dei løysningane som vert valt for strekninga, og problemstillingane ein møter på i reguleringsplanfasen. Når det gjelder planavgrensing må den fastsetjast i dialog med Bergen kommune, og dette er foreløpig ikkje avklart.*

*Litt avhengig av konklusjonane i forprosjektet vil truleg strekninga verte delt opp i fleire parseller, der det nok truleg er mest aktuelt å regulere strekninga frå krysset Indre Arnavegen/Garnesvegen - Garnes skule (eller til Garnes vidaregåande) fyrst, og at strekninga vidare mot Teiganeset truleg vil bli regulert i fase 2.*

*Når det gjeld kostnader er dette og vanskeleg å estimere på det noverande tidspunkt. Dette avhenger av valt løysning og standard. På grunn av arealknapphet, mange bygg/bustader tett på vegen og mange avkjørsler som må sanerast som del av anlegget, vil kostnadane truleg verte relativt høge. Bygging av tiltaket er per i dag ikkje prioritert som byggeprosjekt i Bergensprogrammet eller NTP.*

Parallelt med dette arbeidet er det sett fram fleire ønskje om trafikksikringstiltak på vegstrekninga, jf Trafikksikkerhetsplanen til Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen er samd i at det kan vere trong for å utføre tiltak på Garnesvegen, og i Tiltaksplanen for trafikksikkerhetstiltak 2014-2017 (Bergensprogrammet) er Fv 276 nemnd under tiltak som kan vere aktuelle, - herunder at det vert gjort ei områdeanalyse som vil omfatte vurdering av fartsgrenser, gangfelt, kryssløysingar, sikt, avkjørslar osb. Fysisk utføring av tiltak som kjem fram i slike områdeanalyser vert vanlegvis utført det komande året, men avhengig noko av omfanget.

I og med at forprosjektet til Statens vegvesen vil kartlegge mange av dei ovannemnde punkta ein vurderer i ei områdeanalyse, så vart ikkje Fv 276 ført opp på byggjeprogrammet. Etter ei heilskapleg vurdering såg ein at andre område burde ha forrang når det gjaldt utarbeiding av ei områdeanalyse. Ein ser føre seg at det som kjem fram i forprosjektet kan leggje grunnlag for å utføre fleire trafikksikringstiltak på vegstrekninga.

Sjølv om Fv 276 ikkje er oppført med ei områdeanalyse i plan- og byggjeprogrammet, så kan det verte rom for å utføre einskilde tiltak langs Garnesvegen i denne perioden, då over midlane som er sett av til tiltak etter Bergen kommune sin trafikksikringsplan. Inneverande år er det ikkje rom for dette, men det kan verte aktuelt å utføre einskilde trafikksikringstiltak i slutten av planperioden.